

www.helse-bergen.no
Haukeland universitetssjukehus
Telefon: 05300

2023684 - Bergen Grafisk as - 11.15

GYNEKOLOGISK POLIKLINIKK

MEDISINSK ABORT PÅ SJUKEHUS

TIL DEG SOM SKAL TA MEDIKAMENTELL ABORT PÅ SJUKEHUSET

Medikamentell abort blir gjort ved hjelp av tablettene Mifegyne og Cytotec. Mifegyne stoppar svangerskapet, og Cytotec fører til at innhaldet i livmora blir støytt ut.

Den første tablett, Mifegyne skal du ta på sjukehuset, deretter reiser du heim. Når du har teke den første tablett kan du ikkje ombestemme deg. Du kan få litt blødingar og lette magesmerter dei neste dagane, men ikkje alle får det.

Dersom du ammar, anbefaler vi å ikkje amme dei tre første dagane etter inntak av Mifegyne.

Du har i dag _____ fått Mifegyne på Gynekologisk poliklinikk / avdeling.

Nokon kan oppleve å abortere som følgje av Mifegyne, før du får Cytotec som avsluttar aborten ved neste avtale på Kvinneklinikken (KK). Dersom det skjer, skal du ta kontakt med Gynekologisk avdeling. Bruk bind dersom du får blødingar desse to dagane, ikkje tampong. Om du har behov for smertestillande medikament, vil vi anbefale deg å bruke Paracet, Paracetamol, Panodil, Pinex, Pinex Forte eller Diclofenac / Voltaren.

To dagar etter at du har fått Mifegyne, skal du møte på Kvinneklinikken for å fullføre aborten.

Du møter _____ / _____ Kl. _____

På Seksjon for generell gynekologi 3 etasje, KK.

Du kan gjerne ete frukost før du kjem på sjukehuset. Du bør ha på deg behagelege klede. Du skal ikkje køyre bil, og du bør ha nokon som kan hente deg når du er ferdig.

Det er mest vanleg å vere i avdelinga i 4-8 timar. I nokon tilfelle vil behandlinga vare lengre, og det kan då vere nødvendig at du blir på sjukehuset utover ettermiddagen, evt. overnatte til neste dag.

Etter at du kjem til avdelinga, får du Cytotec som er dei tablettane som fullfører aborten. Desse skal settas inn i skjeden.

Dersom du er over 9 veker gravid:

må du bruke bekken ved kvart toalettbesøk. Dette får du frå sjukepleiar for å vere sikker på at du har abortert før du reiser heim. Graviditetsproduktet er stort nok til at du kan sjå det, og vi anbefaler derfor at du ikkje ser i bekenet. I sjeldne tilfelle kan det vere behov for ei ultralydundersøking av deg før du reiser heim.

Dersom effekten av Cytotec-tablettane ikkje kjem etter 3 timar, får du tablettar som du skal svelgje kvar tredje time fram til midnatt. Om aborten ikkje blir avslutta ved hjelp av dette, må vi gjennomføre utskraping av livmorhola.

Du kan få sterke menstruasjonssmerter, spesielt når kroppen er i ferd med å støyte ut innhaldet i livmora. Det er også normalt at du får bløding med blodklumpar, såkalla koagelbløding. Du må vere førebudd på å blø kraftigare enn ved ein vanleg menstruasjon.

Etter aborten skal du vere oppmerksom på følgjande:

- Menstruasjonsliknande mørk bløding og utflod kan førekomme inntil 4 veker etter aborten.
- Samleie og karbad bør du unngå så lenge du blør.
- Smerter som ved menstruasjon kan førekomme.
- Menstruasjonen kjem vanlegvis tilbake 4-6 veker etter aborten. Den første menstruasjonen er ofte kraftigare og meir langvarig enn den vanlegvis er.
- Dersom du skal starte med p-piller, kan du starte om kvelden du fullfører aborten eller morgonen etter.
- Ein graviditetstest kan gi positivt resultat i opptil 3-4 veker etter aborten.

Ta kontakt med lege dersom du har:

- Kraftig bløding med klumpar i meir enn 14 dagar
- Bløding som varer i meir enn 28 dagar
- Smerter som varer i meir enn 14 dagar
- Feber (temp over 38 grader)
- Ikkje har fått menstruasjonen tilbake etter 4-6 veker

Etterkontroll:

Du vil få med deg ein graviditetstest når du reiser heim frå sjukehuset. Du skal sjølv kontrollere at denne er negativ 28 dagar etter inntak av Mifegyne.

Dersom graviditetstesten er positiv, skal du gå til fastlegen din og ta ein blodprøve (serum HcG). Prøven måler nivået av svangerskaphormon i blodet ditt og fortel oss om behandlinga har vore vellukka. Den vil også kunne avdekke eventuelle komplikasjonar / utilstrekkeleg behandling, som fastlegen din vil følgje opp.

Det er viktig at du tar denne graviditetstesten. Dersom du ikkje gjør det, er dette på eige ansvar.

Du kan ta kontakt med Kvinneklinikken:

Tlf.: 55 97 42 21 (heile døgnet)

eller

for endring / avbestille time: Tlf.: 55 97 43 15 (dagtid)

Vennleg helsing

Personalet ved Gynekologisk poliklinikk og Gynekologisk avdeling.